



Statsforvaltaren i Vestland
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/4733 - 21/54392

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:
17.08.2021

Vedtak til klagevurdering - gbnr 318/58 garasje og terrasse Sagstad øvre

Tiltak: bygge garasje og terrasse
Byggjestad: Gbnr: 318/58
Tiltakshavar: Viktor Kornienko
Ansvarleg søkjar: Viktor Kornienko

Saka gjeld gjeld søknad om dispensasjon frå planføremål LNF-område i kommunedelplan for Meland for oppføring av garasje med bygd areal på ca. 49,6 m² og terrasse med bygd areal på ca. 50 m² i tilknytning til eksisterande bustad på gbnr 318/58 Sagstad øvre.

Etablering av platting/terrasse ikkje høgare enn 1 meter frå bakkenivå og garasje med bruksareal på under 50 m² krev ikkje eget løyve etter plan – og bygningslova.

Det vert elles vist til søknad motteken 20.05.21 og supplert 09.08.21.

Administrativ handsaming

Saka vart handsama av administrasjon den 17.08.21, der følgjande vedtak vart fatta:

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå planføremål LNF-område i kommunedelplan for Meland for oppføring av garasje og terrasse på gbnr 318/58 Sagstad øvre.

Grunngjeving går fram av saksutgreiinga.

Saksutgreiing:

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommunedelplanen sin arealdel for Meland er definert som LNF-føremål.

Tillatt grad av utnytting etter gjeldande plan er 30 % BYA. Planlagt framtidig bygd areal på tomten er 23,77% BYA.

Dispensasjon

Tiltaket krev dispensasjon frå planføremål LNF-område.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar Larissa Dahl på e-post larissa.dahl@alver.kommune.no

Regelverk

- Du kan klage på vedtaket med grunnlag i forvaltningslova (fvl) §§ 28-36.
- Klage på vedtaket må vere nytta fullt ut før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, jf. fvl § 27b.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Larissa Dahl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Godkjent søknad om dispensasjon - gbnr 318/58 garasje og terrasse Sagstad øvre
Nye opplysningar i sak om dispensasjon terrasse - gbnr 318/58 Sagstad øvre
terassen
Teikningar på garasjebygg - gbnr 318/58 Sagstad øvre
Teikning garasje
Søknad om dispensasjon til bygge garasje og terrasse - gbnr 318/58 Sagstad øvre
Søknad om terrasse
Dispensasjonsøknad
Nabovarsel
Situasjonsplan
Utnyttingsgrad

Kopi til:

Anna Kornienko	Dalstøvegen 51 A	5918	FREKHAUG
Viktor Kornienko	Dalstøvegen 51 A	5918	FREKHAUG

Mottakarar:

Statsforvaltaren i Vestland	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
-----------------------------	--------------	------	-----------